

- Det har vore så kjekt alt i saman!

09.09.2017



Klar for bygdevandring med veteranbussen.

Etter at mange konfirmantjubilantar fekk ein knallstart på jubileumssamlinga med temakvelden fredag(eiga sak), fortsette festen i dag. I overkant av 30 av dei som vart konfirmerte for 50, 60 og 70 år sidan møtte ved Grano kl.15. På programmet stod bygdevandring etterfulgt av kafè- og mimrestund i bedehuskjellaren.



Gunn Mari Moberg hadde ein kjekk orientering om butikken, og delte ut m.a. plommer og Lohengrin-sjokolade frå korga.

Første post på programmet var ein spasertur nedom den gode Spar-butikken vår. Her vart dei tatt i mot av Gunn Mari Moberg utanfor butikken, og ho fortalte på kjapp, lefftatteleg og veldig interessann måte om både historien til butikken og om dagens drift. Kjekt å høyra på!

Etter det forsette bygdevandringa i veteranbuss. To av 50 års-jubilantane, Leif Jarle Bergstø og Kristian Bringedal, var henholdsvis sjåfør og guide. Første stopp var eit besøk på bygdemusèet på Rød. Det var eit 'konfirmantønskje', og her fekk dei både ei interessann innføring og svar på alle spørsmål av guiden som kjenner dette musèet betre enn nokon.

Etter dette bar det rundt i bygda i veteranbussen, og det var korte stopp utvalde stader der guiden, av og til supplert av andre, fortalte det som høvde enten det var historisk stoff, næringsutvikling og utbygging eller andre aktivitetar. Det var stopp ved Kapteinsgarden, på Døssland og på Heio, Haugland ved gravhaugane og på Myklebust, før dei stoppa ved bedehuset.



Koseleg drøsestund i bedehuskjellaren.

I bedehuskjellaren ønskte soknerådsleiar Svanhill Haugland velkommen, og ho hadde gjort klart med både rundstykke, kaker, te, kaffi og juice. Her var det sjølvsagt mimring rundt borda som var hovudprogrampost. Drøsen gjekk godt og latteren runga. Bjørgulg Eik som vart konfirmert i 1947, hadde eit fint innslag der han viste bilde av sitt konfirmantkull og losjen på lerret. Mange gode kommentarar vart knytta til bilda, og til det fekk Bjørgulg god hjelp av den andre 70 årskonfirmanten som var til stades, Odd Rød. Bjørgulg viste også eit tredje biletet, - av dei som vart konfirmert 10 år etter dei. Her var det mange i salen som kunne hjelpe med kommentering. Kristian Bringedal hadde også innslag der det vart mimra tilbake til konfirmasjon- og framhaldsskuletid.

Det var tydeleg at alle rundt borda sette pris på denne stunda. Det kom tydeleg fram i det som vart sagt då gjestene takka for seg. Søndag held jubileumssamlinga fram med ei innhaldsrik gudsteneste og middag på restauranten Oska. Då er talet på frammøtte jubilantar auka til rundt 40.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland